

# Patogene tarmbakteriar

## Analysemetode

Salmonella, Shigella, Campylobacter, Yersinia, EHEC og andre patogene E.coli: Bakteriologisk dyrking

Clostridium difficile-toksin: Sjå [her](#).

## Indikasjon

- Diare mistenkt årsaka av Salmonella, Shigella, Yersinia, eller Campylobacter.
- EHEC: Blodig diare eller HUS (hemolytisk-uremisk syndrom)

Ved nosokomalt oppstått diare (debut meir enn to døgn etter innlegging) er Clostridium difficile mest aktuelt (evt. virus i utbrotsituasjonar). Det er som regel ikkje indikasjon for undersøking av vanlege tarmpatogene bakteriar.

Kontrollprøvar: Sjå Folkehelseinstituttet si nettside: [Kontroll og oppfølging av pasienter med tarminfeksjoner](#).

## Prøvetaking

Informasjon til pasientar på ulike språk om prøvetaking finn ein [her](#).

Defekasjon i reint kokt bekken eller i potte skylt med kokande vatn.

Avføring på Cary Blair transportmedium.

Prøvetaking med FecalSwab i Cary Blair-medium:

- Merk prøveglaset med pasientopplysningar og dato for prøvetaking.
- Dypp prøvetakingsbørsten i prøven og rotér til den er heilt dekt av prøvemateriale. (Er avføringa slimet eller blodig, velgjast fortrinnsvis slimklattar eller blodige porsjonar av avføringa). Mengda av prøvemateriale vil då vere ca 200 mg, slik at det vert fortykning på 1:10 ved overføring til prøveglaset med 2.0 ml Cary Blair-medium. Ikkje ta meir prøvemateriale med i prøveglaset.  
Ved svært flytande materiale: Hald børsten i den flytande prøven til den er heilt gjennomvæta.  
Ved svært hardt prøvemateriale: Forsøk å overføre ein liten bit prøvemateriale til mediet med børsten.
- Skru av korken på prøveglaset, plasser prøvetakingsbørsten nedi mediet, og knekk av pinnen. Skru igjen korken.

## Prøvetakingsutstyr

FecalSwab med Cary-Blair-medium:



## Prøvevolum

Dyrking: Ein prøvebørste i Cary Blair transportmedium (sjå over).

## Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

## Haldbarheit

3 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

## Vurdering i laboratoriet

Alle positive isolat unntatt Campylobacter sendast Folkehelseinstituttet til konfirmasjon og endelig typebestemming.

EHEC / andre tarmpatogene E. coli:

For tida undersøker laboratoriet for EHEC ved ein kombinasjon av dyrkingsprøve for E. coli O 157 og ein toksinpåvisingstest for Shigatoksin 1 og 2. Suspekte isolat vil bli sende referanselaboratorium for verifikasjon.

**Det er viktig å vere oppmerksom på at ein negativ prøve ikkje utelukkar diagnosen EHEC.**

Etter vurdering av kliniske opplysningar og epidemiologisk situasjon kan evt. også andre E. coli-isolat vidare sendast til anna laboratorium (EPEC, ETEC, EIEC).

Positive prøver ringast.

Resistensbestemming blir utført for Salmonella, Shigella, Yersinia og Campylobacter, men laboratoriet svarar ikkje desse rutinemessig ut for polikliniske prøvar, då det vanlegvis ikkje er indikasjon for antibiotikabehandling. Rekvirenten kan få opplyst resultatet av resistensundersøkinga ved å kontakte laboratoriet.

## Forventa analysetid

3-7 dagar

## Feilkjelder

- Lang transporttid
- Feil transportmedium
- Manglande kliniske opplysningar, bl.a. om smittestad

## Utførast av

Bakteriologisk fagområde

## Fagområde

Bakteriologi

## Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

## Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

## Sist oppdatert

30.10.2018 Karina Astrup